



Merethe Tvedt

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/293 - 22/74920

Saksbehandlar:  
Alexander Helle  
alexander.helle@alver.kommune.no

Dato:  
29.09.2022

## Uttale frå Plan og analyse

Eining for Plan og analyse har den 27.09.22 motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale for Detaljreguleringsplan for Tonesmarka gbnr 322/4 m. fl.

### Bakgrunn

Saka gjeld detaljreguleringsplan for Tonesmarka, bustadområde B\_8 i kommunedelplan for Meland. Deler av planområdet overlappar med den overordna områdeplan for Dalstø-Mjåtveitstø. Plan og analyse har kome med uttale til planen tidelgare. 16.05.2022 vart det gjennomført ei synfaring med tiltakshavar, konsulent og kommunen.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som har arealføremål bustad etter Kommunedelplan for Meland, planID 125620190001. Deler av planområdet overlapper med områderegulering for Dalstø Mjåtveitstø, planID 125620170002.

### Planfagleg uttale

Alver kommune representert med Plan og analyse (Hans Kristian Dolmen) og Vegavdelinga (Irene Wilhelmsen) hadde synfaring i området 16.5.2022 saman med tiltakshavar (Mangnar Askeland og Thomas Kvalheim) og konsulent (Mona Hermansen).

Synfaringa tok føre seg heile planområdet og ulike tema og tilhøve vart samtala om. Mellom anna avkøyrsløse og tilkomst til nordlege delen av planområdet som gjeld tomt/eigedom/delområde for byggeprosjekt knytt til omsorgsbustadar.

Med grunn i det arbeidet som er gjort i områdeplanen for Mjåtveit-Dalstø og eit uttrykt ønske om å søke og rydde i og forbetre trafikktilhøva på Mjåtveit vart det peikt på at løysinga for avkøyrsløse og tilkomst til denne delen av planområdet måtte vere i tråd med det som ligg i framlegg til områdeplanen.

### Alver kommune

**Tilråding**

Ut frå dei mottekne plandokumenta kan Plan og analyse ikkje sjå at dei konkrete signala gitt under synfaringa er ivaretatt og etter vår oppfatning kan mottekne plandokument returnerast da dei ikkje er i tråd med overordna plan under arbeid.

Med helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Alexander Helle  
Rådgjervar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Merethe Tvedt